



Årsmelding 2022



ÅRSMØTE

22. mars 2023

kl. 19:00

Digdir

1. Konstituering
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteiar
 - Val av sekretær
 - Val av to til å skrive under møteboka
2. Årsmelding og rekneskap
3. Rekneskap for 2022
4. Medlemskontigent for 2023
5. Budsjett for 2023
6. Val
7. Godkjenning av valde gruppestyrarar
8. Innkomne saker
 - a) Momskompensasojn - Fotball

Trykk:



Printform.no

Ein spesiell takk til Harry Christensen som no gir seg som bussansvarleg i Syril.

Harry har vore ansvarleg for bussen sidan Syril anskaffa sin fyrste buss, ein gong på 1900-talet. Harry er ein kjekk og ansvarsfull kar å jobbe med, og drifta har vore enkel for oss i styret med Harry som ansvarleg. Han har alltid hatt ein god dialog med styret og leiaren kring tilstand og bruken av bussen.

Tryggleiken for brukarane har vore fyrste prioritet, og han har passa på at den tekniske standarden alltid har vore på topp. Rutinar for bruk og etterlevelse av desse, har vore nykkelen til at Syril-bussen er blant dei flottaste klubbussane i området. Harry har vore streng nok til at desse rutinanen har vore fulgt av dei som brukar bussen, og det set ein stor pris på kvar gong ein set seg inn i ein strøken buss på veg til kamp.

TUSEN TAKK FOR ALT ARBEIDET DU HAR LAGT INN I SYRIL, HARRY!

VÅRE SPONSORAR OG GODE HJELPARAR

Takk til alle våre medlemmar som stiller opp for Syril kvar einaste dag. Utan den gode dugnadsanda, så hadde vi ikkje kunne tilbydd våre barn og unge, og vaksne, eit så godt tilbod som vi har. Vi finn dykk i alle endar av klubben, og vi ynskjer å rette ein stor takk til dykk alle!

Vi har også nokre gode sponsorar som vi heller ikkje hadde greidd oss utan, og som støttar oss år etter år. Vi oppfordrar alle våre medlem til å bruke våre sponsorar!



sparebanken
sogn og fjordane

VALDE GRUPPELEIARAR FOR 2022

HOVUDSTYRET

Leiar Per Hauge/ Elianne Eggum
Nestleiar Karl Erik Johnsen
Kasserar Sindre Børsheim Ramung
Sekretær/styremedlem Ronny Rydningen

FRIIDRETTSGRUPPA

Leiar Jørn Gåsver
Nestleiar Marit Anita Skrede

HANDBALLGRUPPA

Leiar Elianne Eggum / Olav Haugen
Nestleiar Olav Haugen

SKIGRUPPA

Leiar Inga Henjum Halsnes
Nestleiar Ronja Vangsnes

TRIM- OG MERKEGRUPPA

Leiar Toril Felde
Nestleiar Ingar Hals

BARNEGRUPPA

Leiar Heidi Ravnstad

FOTBALLGRUPPA

Leiar Birte Andersen Røysum
Nestleiar Erlend Husabø

REVISOR

Tony Borlaug
Jomar Dale Skarsbø

HYTTESTYRE SKIHYTTA

Gro Selås
Susanne Svardal

STYRINGSGRUPPA KJERINGI OPEN

Roar Vangsnes
Karl Erik Johnsen

VALNEMD

Leiar Per Hauge
Medlem Magna Fondenes Vangsnes
Medlem Eva Fosshagen

DETTE FINN DU PÅ DESSE SIDENE I ÅRSMELDINGA

ÅRSMELDING FRÅ STYRET	4
VOLLEYBALL	7
TRIMGRUPPA	8
SKI	10
FOTBALLGRUPPA	13
FRIIDRETT	24
HANDBALL	26
ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2022	36
NOTER 2022	38

Arbeidsutvalet 2022

Leiar
Elianne Eggum



Nestleiar
Karl Erik Johnsen



Kasserar
Sindre B. Ramung



Styremedlem
Ronny Rydningen



ÅRSMELDING FRÅ STYRET

Pandemien har endeleg sleppt taket og brukarane av Syril sine tilbodet har gradvis kome attende, og i løpet av 2022 har me nærma oss normal aktivitet. Året starta med ein kald vinter, som gav oss mykje snø og med ein kald vår varte skisesongen lenge utover våren.

Kjeringi open var attende i kjend stil, og med eit fantastisk fint ver vart det i stor oppleving for minneboka. Fotballgruppa har arrangert Tine-fotballskule, og handballgruppa arrangerte Avkast 2022, andre året på rad.

Dette var eksempel på noko av det gruppene har fått til i år. Sjå gruppene sine årsmeldingar for meir info om aktivitetane.

Økonomi og rekneskap

Syril oppnådde eit samla årsresultat på kr 1,39 mill. i 2022. Dei samla driftsinntektene var på kr 3,9 mill. (mot kr 2,32 mill. i 2021), mykje takka vere delutbetaling av tippemidlar til friidrettsstadion (kr 1,4 mill.). Det har vore ei auke i utgiftene til idrettslaget, m.a. til straum kr 95.000 i 2022 (mot kr 53.000) i 2021). Samla kom driftskostnadane på kr 2,34 mill., opp frå kr 1,66 mill. i 2021.

Økonomistyringa i gruppene har vore god, og dei fleste gruppene har eit positivt årsresultat i 2022. I dei få tilfella der årsresultatet er negativt, er det snakk om ein relativt låg prosentdel av omsetninga til gruppa.

Stadion med nytt anlegg for friidrett vart opna i 2022. Anlegget frå mykje skryt frå tilreisande, og vert flittig brukt av Syril.

Friidrettsstadion er no ferdigstilt, og er dermed komen inn i årsrekneskap. Av gjelda på anlegget, er kr 1,4 mill. nedbetalt i 2022. Til sommaren vil Syril få kr 1,4 mill. i tippemidlar, og kr 2,16 mill. i MVA-kompensasjon, totalt kr 3,56 mill. Dermed kan vi innfri gjelda på anlegget (kr 3 mill.), som er høgt prioritert mtp. finanskostnadane på kr 174.000 i 2022.

I tråd med årsmøtevedtak blei det kjøpt inn friidrettsutstyr til nye friidrettsstadion.

VI VIL GJERNE FÅ RETTE EIN SPESIELL TAKK TIL JØRGEN EIKENES FOR INNSATSEN HAN HADDE I SAMBAND MED OPPFØRINGA AV NY FRIIDRETTSSTADION!

Syril har eigen lagsbuss kjøpt ny i 2016 og etter planen skal denne skiftast ut ca. Kwart femte år. Arbeidet med å kjøpe inn ny Syril-buss har starta opp, og det er venta investering i løpet av våren 2023

Av planlagde tiltak som ikkje blei gjennomførde i 2022, har vi rehabilitering og gjenoppstart på skitrekket på Kleppa, og vinterdrift på kunstgrasbana. Det blir jobba vidare med begge desse prosjekta. Skitrekket på Kleppa har vore ute av drift. Det er ein jobb som må gjerast med det tekniske for å få trekket godkjent. Dette arbeidet vart lagt på is i 2021 og 2022 fordi vi manglar driftsleiar. Her blir det med å få kursa driftsleiarar slik at vi kan

drifta trekket i Syril. Det er lagt planar for å få dette i gang att frå sesongen 23/24.

Sponsorar

Idrettslaget har inngått nye hovudsponsoravtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sognekraft, og ny hovudsponsoravtale med Erling Røysum AS er på veg. I tillegg til dette kjem sponsoravtaler for stadion og hallen. Det blir jobba vidare med å knytte til oss ein til hovudsponsor, og fleire sponsorar på anlegga og Syril-bussen.

Helsing Syril AU,
Elianne Eggum, Karl Erik Johnsen, Sindre B. Ramung og Ronny Rydningen

**GRASROT
ANDELEN**
NORSK TIPPING

Tusen takk til dei 328 Spelarane som til saman har støtta Syril idrettslag med 191 119 kr via Grasrotandelen i 2022!



Dugnad på sandvolleyballbanen

PÅ DEI NESTE SIDENE FINN DU ALLE ÅRSMELDINGANE FOR DEI ULIKE SÆRGRUPPENE, SAMT LITT ØKONOMI TIL SLUTT. GOD LESING VIDARE!

ÅRSMELDING FRÅ STYRET	4
VOLLEYBALL	7
TRIIMGRUPPA	8
SKI	10
FOTBALLGRUPPA	13
FRIIRDRETT	24
HANDBALL	26
ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2022	36
NOTER 2022	38

Det var betydelig oppgang i størrelsen og aktiviteten til volleyballgruppa i 2022. Gruppen hadde i 2022 18 betalende medlemmer (opp fra 10 i 2021), og på mange av treningene har vi hatt fulle lag, med over 12 spillere samtidig. De vanlige treningene er lagt til kl 20:00 onsdager, hvor 1/3 av hallen i Saften blir brukt. Vi har nå så vidt begynt å spille kl 20:00 fredager i tillegg, grunnet mye interesse. Dette er en fin utvikling for gruppa.

Sommeren 2022 hadde vi flere dugnader på sandvolleyballbanen ved ungdomskolen.

Her ble nettet reparert, gjerdet ble lappet og strammet opp, og sanda ble vendt. Det ble og fjernet mye vegetasjon som hadde begynt å vokse inn på banen. Ellers var flere i gruppa med på å arrangere volleyballturnering for alle i Leikanger i romjula 2022, ledet av Christian Kleiven. Dette ble et flott arrangement med 14 lag og over 100 spillere i aksjon. Vi takker alle for innsatsen i 2022, og ser frem til mer volleyball i 2023!

Martin F. Stølen
Kontaktperson Syril Volleyball



Romjulsturnering



Trening i Saften, høst 2022



TRIMGRUPPA

Etter to år med stor auke i sal av trimkort var vi i 2022 meir tilbake på «normalnivå», dvs. om lag som i 2019. Totalt vart det selt ca. 250 trimkort. Årsaka til nedgangen kan m.a. vere dårleg sommarver, mykje annan aktivitet etter pandemien og at folk ynskjer å prøve seg på nye turar andre stader i kommunen.

Det var behov for rydding på enkelte stader etter vinteren, og vi er heldige som har mange ivrige medhjelparar som ordnar opp med fjerning av velta tre osv. Vi let bøkene ligge ute i kassene over vinteren og i trimsesongen vart det lagt ut nye bøker etter behov.

Vi la til rette med ny trimpost ved Stavatjørni. Planen var å ha trimposten på Stav, men mykje snø og utfordrande terreng for å kome dit, gjorde at vi valde å ha trimposten ved Stavatjørni i staden. Dette er eit fint turmål i lett terreng, og det er eit nytt turområde for mange.

Trimpostane på Nyanstøl og Dalsete vert fjerna i løpet av hausten.

Trimtilbodet til Syril omfattar to typar klyppekort for premiering:

- Kort for dei som ynskjer å vitje alle 20 turpostane
- Kort med plass til 30 klypp (Trim 30) for dei som vil eller berre kan gå på nokre av postane, fleire gonger

Korta kan kombinerast. Kjøper du begge typane kort og vitjar dei 20 turpostane, treng du berre 10 ekstra klypp/turar for å få fullt Trim 30-kort. Vi har i tillegg lagt opp til eiga trekning for barn fødde i 2007 eller seinare blant Trim 30-kort med minimum 20 klypp (Trim 30 - junior).

Vi har i fleire år diskutert overgang til digitale løysingar, men held fram med sal av trimkort då vi ikkje ser gode nok alternativ i forhold til å ivareta breidda i trimtilbodet og moglegeheit

for inntekter til trimgruppa. Vi får og god hjelp til sal av trimkort og det er mange som bidreg med å legge ut nye bøker, reparere postkasser m.m.

Inntektene frå sal av trimkort gjekk til premiar som var gåvekort på kr 1 000 for dei som har vore på alle turpostane og kr 500 for Trim 30. Både Erling Røysum AS og Små Livsgleder var med å delspone premiar slik at vinnarsjansane auka.

Det var mange som fullførte både turpostkort og/eller Trim30-kortet, vi gratulerer alle med innsatsen! Trimtilbodet stiller lite krav til utstyr. Utbyttet er betre helse og kanskje ein velfortent premie etter sesongen. Det er og eit høve til å bli betre kjent i turområda her.

Vi vil takke Erling Røysum AS og Små Livsgleder for veldig godt samarbeid og god hjelp med sal og innlevering av trimkort. Vi vil og takke sponsorane våre, Byggmeister Langeteig & Volldal AS og Sogn Røyr AS, som støtta oss i 2022 også. Takk og til Arild Bjørk som bidreg med videoar, og alle andre gode hjelparar som bidreg med smått og stort i løpet av sesongen. Dykkar bidrag gjer det lettare for oss å tilrettelegge for aktiviteten i trimgruppa.

Volleyball og innebandy inngår også som del av trimgruppa sin aktivitet. Desse gruppene leverer egne årsmeldingar.

Styret i trimgruppa har vore: Torill Felde (leiar), Ingar Hals (nestleiar), Elianne Eggum, Renate Sæle.

Vinnarane av Syril Trim 2022:

Trim 30 – junior

Olav Føleide Skinlo
Truls Pettersen Tyssing
Eli Sofie og Ole Magnus Eggum
Selja Pettersen Tyssing

Trim 30

Bodil Nornes
Eline Dimmen Henjum
Mari Fykse
Astrid Solberg
Ove Andre Slinde
Ola Nornes
Solbjørg Halland
Helga Maj Myren
Perny Kristine Dimmen
Kari Kitty Stadheim
Borgtor Bøyum
Sissel Espe Alle turpostane
Guro Marie Bruteig Bøyum
Frisa Fykse Lomås
Tarjei Fykse Lomås
Kenneth Lomås
Kjell Arne Valvik
Anna Røysum
Dorthea R. Alisøy
Siv Merete Stadheim
Signe Lekven
Per Høgheim
Ingrid Rishovd
Hege N. Nornes



Det vart ein lang og fin skisesong på Kleppa med gode snøforhold store delar av vinteren. Som tidlegare år er det Bjørn Harald Røyseth som saman med andre, har lagt ned mykje tid og arbeid med å halde løyper, trakkemaskina og lys i stand. Prepping av løyper kan ein få oppdatert på skisporet.no

I løpet av sommaren har styret i skihytta, Gro Selås og Susanne Svardal, saman med andre hatt dugnad og arbeida med å få ferdigstilt rekkverket til den nye plattingen foran skihytta og laga til stolpar til strømgjerdet som er rundt skihytta om sommaren. Sverre Røyseth og Per Bjørk har tatt ned og rydda vekk den vesle svalgangen utafor varmbua på Øvstestølen.

I slutten av oktober vart det gjennomført ein dugnad med rydding av langrennsløype på Kleppa og Øvstestølen. Til neste år er det ønskeleg med større deltaking på dugnaden, spesielt dersom formålet er å få i stand slalombakken, då den ikkje har vore prioritert i dugnad dei siste åra. Ein bør i tillegg vurdere å gå i dialog med nokon av grunneigarane om mogelegheita til å ta toppane på nokre av dei større grantrea som hindrar snø i å legge seg i løypene.

Skigruppa hadde elles følgjande renn- og treningsaktivitet:

Birkebeinerrennet

Endeleg vart birkebeinerrennet gjennomført att. Dei som deltek frå Syril har, som i tidlegare år

invitert med andre sogningar og sett opp buss og bestilt hotell for dei som ynskjer. Det var Nils Henjum og Lars Magnar Røneid som i 2022 stilte som arrangørstab. Det var 15 som deltok på Birkebeinerrennet frå Syril.

Skikarusell

Skikarusell er eit lågerskeltilbod til barn til og med 4. klasse. Arrangementet inngår som ein del av Telenor skikarusell. Vi har òg ei bok i varmbua på Øvstestølen der borna kan skrive seg inn, og som tel som ein del av skikarusellen. Deltaking for 120kr for alle karusellane. Utdeling av startnummer skjer ved første karusell og blir samla inn etter siste. Det er premieutdeling på siste karusell, og alle som har betalt og gått minst ein gong får premie.

Det vart arrangert kioskdirft med hjelp av dugnad frå foreldre, og karusellen vart arrangert seks laurdagar mellom kl. 12-13. Det var akkurat 100 påmeldte i 2022. Jomar Leirdal er leiar for skikarusellgruppa, og har blant anna hatt med seg Joachim Holmøyvik, Dagfinn Ylvisåker, Torstein Jordal og Trond Gjerland.

Klepparennet som skicross

12. mars vart Klepparennet arrangert, denna gangen som skicross nede på Kleppa. Med Torunn Grut som rennleiar og Simen Bækken som løypeansvarleg vart det laga ei morsom og variert skicrossløype på Kleppa. Det var både orgeltramp, hopp, kulekøyning, svingar og laussnøkøyning. Kjekt for store og små, og flest frå Syril som deltok.

Skileik

Skileiken for 1. til og med 3. klasse var svært populær i starten av vinteren 2022 med opp i mot 25 deltakera kvar gong. På dei eldre trinnet var det færre deltakera, så det var ikkje alltid gjennomført skileik. Nokre av de eldre vel å reise til Sogndal for å delta på trening der. Trenera på skileiken for dei yngste var Ronja Vangsnes, Jomar Leirdal, Katrine Wilson og Inga Henjum Halsnes. For dei eldste var det Trond Gjerland, Katrine Wilson, Frøydis Yri og Olav Haugen.

Syрил har per 2022 ikkje ei alpingruppe, og dei som ønskjer å trene alpint dreg til Sogndal.

Sognefjordrennet og NM i fjelltelemark 2. april arrangerte Syril Telemark, med Egil Johannes Vangsnes som leiar, Sognefjordrennet for andre gong på Stavsete i Huksdalen. Det var god deltaking både på mini-rennet for dei yngste, og på dei som starta oppe ved Stav og hadde målgang nede på Stavsete. Det var deltakera på både randonè og telemark, både junior og senior, og påmeldte frå både Syril og tilreisande både frå folkehøgskulen og studentmiljøet i Sogndal. Det var mogelegheit for å overnatte der for dei som ville, og med tilbod om topptur søndag 3. april.

I tillegg var Syril Telemark arrangør av både NM i klassisk telemark (som vart halde i Heggmyrane) og NM i fjelltelemark (som var førsteetappen på Kjerdingi Open). Totalt i Sognefjordrennet og NM var det over 72 små og store som deltok eller var funksjonærer.

Sirkeltrening

Fredagar kl 18.00-19.00 frå oktober til og mars har Torunn Grut lagt til rette for klassisk sirkeltrening for dei som ynskjer i Saften. Det kostar 100 kroner per gong eller 500 for heile sesongen.

Styret og undergrupper

Inga Henjum Halsnes vart valt inn som leiar i mars 2022, saman med Ronja Vangsnes som nestleiar. Torunn Grut har i tillegg vore ein del av styret og hjulpe til med overlapping og opplæring av dei nye leiarane. Skigruppa har fleire undergrupper som er godt etablerte. Desse gruppene er Syril Telemark, Skikarusellgruppa, Løypepreparering og Skihytta



Bilde frå Sognefjordrennet 2022



Mimrebilde frå bandyturnering i Førde, 2014

INNEBANDY

Året 2022 har bære preg av litt treg oppstart etter korona. Men me har fått inn litt «nytt blod» i gruppa. Fylkesmannen er flinke til å dra med seg nye sogndøler til trening for å prøve seg.

Oppmøte på treningar har variert utover heile året. Me har våre alt frå 4 til so mykje som 12 på treningar. Men jobbar vidare med rekruttering for å få meir stabilt med folk på trening.

Sogn Avis kontakta oss på slutten av året og ville laga eit innslag om innebandyen. Her ville dei skrive om at det er flott at Syril har ulike tilbud innan idretten. Dette blir nok ut i 2023.

Framover blir fokuset å fortsette med å tenke rekruttering for å få meir jamt med folk på trening. Folk likar tilbudet veldig godt sidan det er god trening, samstundes som det er kjekt og sosialt. Etter kvart er

det kanskje mogleg å tenke på evtuellet ein bedriftsturnering, eller samle ulike lag frå sogn til ein innebandyturnering i saften. Men det er avhengig av at me får nok folk og ein stabilitet av medlemmar.

Torbjørn Stølen
-Leiar Innebandy-



FOTBALLGRUPPA

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar er medlem i Syril hovudstyret. Nestleiar er vara. Styret i Syril Fotball har hatt 11 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker. Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter med kretsen, dei fleste på Teams. 4 av styremedlemmane har teke fotballeiarkurs denne sesongen. Med det har 5 av 7 styremedlem kurset. Det er bra.

Det har til tider vore utfordrande med mangel på personar i diverse verv. Me nemner spesielt sportsleg leiar og kioskguppe. Leiar og nestleiar har fungert som sportsleg leiar denne sesongen.

Organisasjonen har fungert godt. Ca. 100 personar deltek i drift av fotballgruppa i form av ulike verv som mellom anna trenarar, lagleiarar, styreverv, speaker, anleggsansvarleg, materialforvaltar, dommarar med meir. I tillegg kjem foreldre og andre som stiller opp på dugnader i løpet av sesongen. Oversikt over

trenarar og lagleiarar er lagt ved årsmeldinga.

Fotballgruppa har mange nye frivillige kvart år. God struktur gjer det enklare å vere frivillig, gir grunnlag for god drift med god og sunn fotballaktivitet.

Fotballgruppa vart sertifisert som Kvalitetsklubb i 2021. Det inneber m.a. rutinar i høve aktivitet, organisasjon, kompetanse og tydlege verdier. Dokument som beskriv organisering og drift av fotballgruppa ligg på www.syril.no. Her finn ein m.a. Sportsplan, Rekrutteringsplan, oversikt rolleskildringar og Klubbhåndbok. I sesongen som har vore har det ikkje vore arbeidd så mykje med Kvalitetsklubb som ein kunne ynskje. Her må ein gjere eit betre arbeid komande sesong.

MINIPUTT

I 2022 har miniputt stilt lag i følgende klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8 og J/G 9. I tillegg stilte J9 og G9 med lag i serie.

I alt 94 spelarar har vore i aksjon for miniputt i år, og totalt 30 personar har bidrege som lagleiarar og trenarar for ulike lag. Det har vore noko fråfall av spelarar denne sesongen, for det meste grunna flytting.

Dei fleste laga på miniputt starta opp med treningar i april. Treningane til miniputt har i år vore på alle kunstgrasbanene på Leikanger. Grasbana på nye stadion vart også tilgjengeleg ut på våren for dei som ville trene der. Nytt av året har vore 2 nye 3'ar baner som vart satt opp i midten av august. Desse banene er delvis sponsa av Sparebanken Sogn & Fjordane. 2 nye 5'ar mål har også blitt kjøpt inn, samt me fekk låne 2 stk av Norane idrettslag til miniputt-turneringa.

G10

Trenarar: Borgtor Bøyum (hovudtrenar) og hjelpetrenarar Monica Wathne Tufte, Anders Yri og Terje Henjum.

Lagleiar:
Christian E. Pettersen

Spelarar:
Even Tufte Henjum, Ole Yri, Per Theodor Bøyum, Sondre Tveit Eggum, Teodor Gjerde Wilson, Truls Pettersen Tyssing, og Dennis Kåsa Synnevåg (slutta midtvegs i sesongen).

Sportslege aktivitetar:
Seriespel med 7ar-fotball med ein kamp mot kvar av laga Kaupanger, Jotun, Sogndal 2, Hafslø, Årdalstangen, Vik og Sogndal 1 før sommaren. Etter sommaren var det dobbeltserie med kampar mot Bjørn, Årdalstangen, Hafslø og Vik. Pga. av få spelarar var G10 avhengig av å få hjelp frå J10 og G9 til kampane, og var heldig å få med spelarar frå

I høve treningar og innhald melder laga at det stort sett går greitt på treningane, og at dei har bra med trenarar. Det er positivt med mange trenarar for å unngå kø på øvingar. Nokre av gruppene er store slik at dei er sikra god kamptrening.

Syril har vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand som tidlegare. Det vart arrangert 2 turneringar i vår i Sogndal og Luster, og 2 turneringar i haust på Leikanger og i Vik. Miniputt-turneringa arrangert på heimebane gjekk veldig bra, med god innsats av lagleiarar, trenarar, foreldre og ikkje minst spelarane.

Miniputtgruppa i år har hatt bestått av følgende personar:

Miniputtleiar: Sturle Rode Rio
Turneringsansvarleg: Anna Hamre
Sportsleg leiar: Frode Berge Amle
Utstyrsansvarleg: Kim Vidar Bakken

desse til nesten alle kampane.

Treningar måndag og onsdag kvar veke med veldig bra oppmøte frå G10-spelarane. På måndagstreningane var det også ope for deltaking frå J10, og i snitt deltok 4-5 spelarar frå desse. På onsdagstreningane var det ope for deltaking frå G9, og i snitt deltok 2-3 spelarar frå desse.

Ingen turneringsdeltaking.

Sosiale aktivitetar:
Sommaravslutning felles med J10 med sosialt, mat og oppgåver.

Oppsummering:
Sesongen 2022 var grei og det var fin sportsleg framgang. G10-spelarane har fungert veldig godt saman og hatt godt oppmøte, men det har vore utfordrande å vere ein liten spelargruppe.

J10



Trenarar: Birgitte Sandal, David Henjum og Reimund Loven

Lagleiar: Helga Maj Myren

Spelarar: Ada, Astrid, Astrid Olea, Tiril, Nathalie, Kristina, Tuva, Lilly, Ingrid, Frida og Eline

Sportslege aktivitetar:
Me har spelt i same gruppe som Sogndal, Årdalstangen, Jotun, Vik og Lærdal. Me hadde ei fast trening i veka, og ei frivillig trening saman med G10. Nokre av jentene har spelt på G10 og J11 sine kampar. Me har hatt eit svært godt oppmøte på både trening og kamp, og har dermed oppnådd gode resultat gjennom sesongen.

Sosiale aktivitetar:
Før me tok sommarferie hadde me eit sosialt treff med fokus på samarbeid utan ball. Jentene fekk ulike oppgåver dei måtte løysa i fellesskap for å komma vidare. I tillegg gjekk dei Fair Play natursti. Me avslutta kvelden med hamburgarar.

Før kampane på haustsesongen starta hadde me kick-off. Me fekk vera balljenter på Sogndal FK sin damekamp. Det var stor stas å få gå inn på bana med jentene og hente ballen når dei hadde behov for det. Etterpå fekk me samla autografar, teke bilete og snakka med fotballspelarane. Me avslutta dagen med pizza og is.

Me avslutta fotballsesongen med «Mesternes mester» i Saften. Etterpå var det bollar og Litago mens me oppsummerte sesongen og snakka om neste års sesong.

G11

Trenarar: Frode Danielsen, Kenneth Lomås, Svein Helge Steinsåker og Jon Amundsen
Lagleiarar: Mari Buene og Elin Flatabø

Spelarar:

Desse har vore med i hele eller delar av sesongen:

David Johansen, Christian Haugen
 Alexander Danielsen, Elias Espe
 Espen Oliver Stensåker, Helge Eggum
 Håvard Gjerland, Johannes Amundsen
 Kevin Andre Mo, Lars Flatabø Kleiven
 Leon Gåserud, Lukas Christensen Birkeli
 Oliver Buene Halveg, Sebastian Docando
 Eggum, Tarjei Lomås, Victor Andre Elvheim
 Yuel Kiros, Tarjei Hauso

I ein del kampar har vi fått hjelp av andre lag; J11 og G10. Takk for flott innsats!

Sportslege aktivitetar:

I vårsesongen stilte G11 med to sjuarlag; Syril 1 og Syril 2. Begge laga spela i G11 avdeling to og møtte laga Bjørn, Sogndal 2, Vik og Hafslø. I haustsesongen stilte vi eit lag. Haustsesongen

var differensiert og vi spela i G11 avdeling 1. Vi møtte laga Sogndal 2, Jotun 1, Jotun 2, Aurland og Bjørn.

Sosiale aktivitetar:

I vår hadde vi felles kveldsmat etter internkamp mellom Syril 1 og Syril 2. Samtidig hadde vi foreldremøte. Dette var ein kjekk og sosial kveld. Vi var og med på forball-laurdag 10. september. Då spela vi mot Jotun 2 med ekstra kjekke rammer rundt kampen.

Vi har ikkje delteke på noko turnering i år, men det er sett ned ei foreldregruppe som planlegg Voss-cup våren 2023.

Oppsummering:

Vi har hatt godt oppmøte på treningane og har hatt sterkt fokus på fair-play, å ha god innsats og gjera kvarandre gode. Spelargruppa har godt samhold og er ei flott gruppe fotball-spelarar. Foreldre har delteke på dugnadar som kioskvakt og foreldrekøyring til bortekamp. Takk til alle som har bidrege rundt laget!

Som avslutning på sesongen laga trenarane og lagleiarar til "Mesternes mester" for jentene med ulike morsomme øvingar. Stemninga var kjempegod, konkurranseinstinkt til jentene var på topp, samtidig som dei var veldig gode til å heia på kvarandre. Konkurransen blei avslutta med sjokolade-medalje utdeling og kake.

Oppsummering:

Me har ein fantastisk flott gjeng jenter, som har det veldig kjekt både på trening og kampar. Det er god stemning, og fair play. Jentene har hatt ein fin utvikling, og har hatt ein flott sesong. Me har nytta Syril-bussen ved eit par høve. Det har vore veldig kjekt med alle jentene samla i bussen og Syril-sangen på "full guffe" og repeat J Me er kjempeglade for at alle saman har lyst å vera med neste sesong også.

Sosiale aktivitetar:

I juni tok trenarane jentene med og såg Sogndal sitt damelag spele kamp, og dei fekk vera balljenter. Etter kampen var det god stemning og pizza på Pizzabakeren J

G12

Trenarar: Bjørn Orrestad og Olav Haugen

Lagleiarar: Ørjan Talle og Torill Skårhaug

Spelarar(fødd 2010): Markus Føleide Skinlo, Emil Steinsøy Kvam, Håvard Tveit Eggum, Jonathan Moberg, Aron Orrestad, Endre Risøen, Ali Alsaid (flytta etter vårsesongen), Andreas Lund Nygard, Kenneth Skårhaug Talle, Lucas Nornes, Nikolai Aase Haugen, Sindre Fidjestøl

Sportslege aktivitetar:

I januar starta G12 opp med fotballtreningar inne og frå april starta vi opp med utetreningar 2 dagar pr. veke. Gutane har vore engasjerte og var stort sett godt oppmøte på treningane. Nokon av spelarane har hatt tilbod om hospiteringstrening med G13 og delteke på nokon kampar med dei. Vi har hatt 12(11 i haust) spelarar og har vore avhengig av å låne med jenter eller spelarar frå G11 til dei aller fleste kampane. Nokon få kampar har vore spelt i 7'ar format fordi motstandarlag ikkje har hatt nok spelarar. Det har vore fin balanse mellom seier og tap i kampane.

Vi har hatt fleire samtreningar med J12-14 og dette har fungert veldig fint. Samarbeid med både jente og G11 om lån av spelarar til kamp og samtrening har vore godt.

Laget har møtt desse motstandarlag; Sogndal, Vik, Balestrand, Bjørn, Jotun og Kaupanger. I og med at det var berre 7 lag i puljen vart det ikkje differensiering på hausten.

Sosiale aktivitetar:

Det har ikkje vore organisert nokon sosial aktivitet denne sesongen.

Oppsummering:

Etter ein lag periode med restriksjonar i samband med koronapandemien har det vore kjekt og hatt ein normal fotballsosong. Spelarane har hatt ei fin utvikling og det er stort engasjement blant gutane.

Neste sesong:

Alle spelarane melder interesse for å bli med til neste sesong. Trenarar vil og fortsette, men pr. no usikkert om lagleiarane fortset.

J11

Trenarar: Anny Mari B. Jørgensen, Frode B. Alme, Eivind Røysum

Lagleiarar: Unni M. Havnen

Spelarar: Eirin V. Alme, Elida B. Jørgensen, Emmelin Røysum, Fatima Alamar, Jorunn Slinde, Julie H. Steig, Leah R. Randen, Sara Røysum og Linnea H. Borlaug

Me har også hatt veldig god hjelp frå J10 som ved behov har lånt oss spelarar til kampar. Sportslege aktivitetar:

Me har spelt alle våre oppsatte seriekampar, og hatt både tap og seier. Me har ikkje vore på cup i år.

Sosiale aktivitetar:

I juni tok trenarane jentene med og såg Sogndal sitt damelag spele kamp, og dei fekk vera balljenter. Etter kampen var det god stemning og pizza på Pizzabakeren J

G13

G 13 1.divisjon avdeling 2 vår | 2022 - Tabell

Sogn og Fjordane

Terminliste

Tabell

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Eid	8	3	1	0	20 - 7	3	0	1	24 - 12	6	1	1	44 - 19	25	19
2	Syril	8	2	1	1	16 - 11	3	0	1	16 - 11	5	1	2	32 - 22	10	16
3	Sogndal 2	8	2	0	2	17 - 26	2	1	1	11 - 12	4	1	3	28 - 38	-10	13
4	Stryn	8	2	0	2	15 - 12	0	0	4	12 - 25	2	0	6	27 - 37	-10	6
5	Sogndal 4	8	1	0	3	10 - 16	0	1	3	9 - 18	1	1	6	19 - 34	-15	4

G13 FORTS..



Trenarar: Steinar Aaland Eggum, Ole Morten Kvam, Jan Rune Mardal og Per Sindre Aaland

Lagleiar: Eva Hjørnevik Nesse

Spelarar:

Eigne spelarar: Johan Gjerløw, Isak Borlaug Hauge, Bjørnar Aaland Eggum, Sander Holen, Theo Johan Nord Melås, Markus Bukholm Solbakken, Martin Onsanthia Solbjør, Viljar Nesse Takle, Heine Njøs Verlo og Zein Alammur Lånte spelarar frå J13: Vilde Tufte Mardal og Amalie Buene Halveg
Lånte spelarar frå G12: Emil Steinsøy Kvam, Markus Føleide Skinlo og Håvard Tveit Eggum
Hospitant på trening frå J13: Malin Hagheim Barsnes

Sportslege aktivitetar:

Me starta innetreningar i februar og deltok på KM innandørs på Sandane i mars. Der starta me med siger, men med fleire spelarar som nyleg hadde hatt corona førte til at resultatata ikkje vart som forventa.

Utetreningane starta i mars. Det har vore godt oppmøte på treningane gjennom heile sesongen. Me har trenta 2 gonger i veka. Etter sesongen har me heldt fram treningane 2 gonger i veka saman med G15/J15.

Me har spela i 1. divisjon både vårsesongen og haustsesongen. Me var litt bekymra for nivået før me starta kampane i vårsesongen, men det

gjekk mykje betre enn forventa. Og me havna på 2. plass på tabellen då vårsesongen var ferdig.

Me hadde som mål å halde oss i 1.divisjon før haustsesongen og de greidde me. Me fekk større utfordringar i haustsesongen då det viste seg at det var eit høgare nivå på laga i den andre pulja frå vårsesongen. Men me vann 2 kampar og spela uavgjort ein. Og hadde nokre knepne tap. Haustsesongen vart avrunda med 15-0 siger mot Sogndal 2 med 8 ulike målscorarar frå Syril.

Sosiale aktivitetar:

Elin Borlaug Hauge har vore ansvarleg for sosiale aktivitetar. Ho arrangerte etter vårsesongen grillparty og etter haustsesongen hadde me avslutning på Leikanger Fjordhotel med pizza, bading og quiz.

Oppsummering:

Det har vore ein sesong med opp og nedturar. Men det har vore kjekt likevel og sigeren mot Florø på fotballaurdagen på Syril Stadion i september smakte ekstra godt. Steinar Aaland Eggum har køyrt Syril-bussen til alle bortekampane. Det er ein flott gjeng å reise på tur med. Alle spelarane har sagt at dei vil vere med neste sesong.

I vårsesongen hadde me 3 spelarar på sonelag. For haustsesongen har me 4 spelarar på sonelag og 2 spelarar på kretslag.

J13



Trenarar: Linda Fossberg, Rune Barsnes
Lagleiar: Torill Felde

Spelarar:

Anniken Sofie Nornes, Amalie Buene Halveg Emilie Fossberg, Emilie Tangen Mo, Anna Felde Hasund, Oline Næss Prøven, Maja Rydningen Hamre, Evy Fossberg Sara Saltnes Slinde, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes, Tuva Helset Mathisen, Vilde Tufte Mardal, Emily Fredheim Espe (delar av sesongen), Sandra Slinde Thorsnes (delar av sesongen).

Sportslege aktivitetar:**Treningar:**

To treningar kvar veke (1,5 t kvar ons dag og søndag). Eit par av 2009-jentene har også trenta med og spelt kampar på G13. Ei av 2008-jentene har trenta litt med damelaget. Onsdagstreningane har vore i lag med G12, det gir høve til å spele 9'ar på treningane. J2009 har delteke på G12-kampar når dei har hatt behov for fleire spelarar. På vinterstid har mange av jentene delteke på futsal (trening 1-2 gongar i veka)

Kampar

Seriekampar 9'ar på måndagar. Det vart spelt 13 seriekampar totalt, 7 i vårsesongen

og 6 i haustsesongen Syril J13 vann serien både vår og haust, og det vart scora mange mål på kampane. Det vart i tillegg spelt ein treningskamp mot Sogndal før sesongstart i vår

KM Futsal:

Vi deltok på KM futsal i mars med kampar i Stryn og på Sandane, også her med gode resultat. J13 fekk 3.plass, og J14 fekk 2.plass!

Lerum cup i juni

Jentene deltok med 9'ar-lag. Laget kom til A-sluttspillet, men tapet kvartfinale mot Nordsiden (på antal cornerar). Det var både spennande og kjekt å vere med, og mykje god lærdom i at ein heile tida må omstille seg i møte med nye lag

Deltaking på Norway cup i august J2008 og J2009 var med, dei spelte 7'ar i J14-klassa, og kom på 2. plass!

Det var veldig kjekt å vere med på Norway cup, både resultatmessig og sosialt. Vi tok kamp for kamp, og jentene hadde veldig god innsats heile tida. Her var det og stadig nye utfordringar i møte med ukjende lag.

J13 FORTS..

Sone- og kretsaktivitet (Enivest):

2009-kullet: Amalie Buene Halveg, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes og Vilde Tufte Mardal var med i sonelagstroppen på vårsesongen. I sonelagstropp haust kom Amalie Buene Halveg, Evy Fossberg, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes og Vilde Tufte Mardal med, og alle deltok på soneturneringa i desember.

Amalie Buene Halveg og Vilde Tufte Mardal har og spelt på J13-kretslaget i både vår- og haustsesongen

Vilde Tufte Mardal er teken ut til å vere med i satsingsgruppa Team Sogn og Fjordane

Sosiale aktivitetar:

Avslutning av futsalsesongen vart markert med bading på Lustrabadet og pizza & brus på Frydenbø. Vi hadde og ei kjekk sesongavslutning på Leikanger Fjordhotell med quiz, pizza og brus

Oppsummering:

Det har vore nok ein flott sesong for fotballjentene våre, med god innsats, godt humør og fotballglede! På treningane har det vore veldig godt oppmøte, og alle spelarane har fått rikeleg med speletid på kamp i løpet av sesongen. Det har vore få/lite skader.

Det er ei god breidde i troppen. Vi har mange målscorarar i løpet av sesongen, det er fleire som kan vere keeper og dei fleste spelarane kan spele i fleire posisjonar. I haustsesongen var det utfordringar i forhold til å ha nok spelarar på kamp m.m. Vi fekk disp. til å bruke fleire av J2008 for å kunne stille 9'ar-lag.

Vi har hatt Syrilbussen på dei fleste bortekampane, og det er veldig sosialt og ekstra kjekt å reise på kamp når vi har Syrilbussen.



G 14/15

Trenarar: Endre Asperanden Navarsete, Frode Alme, Lars ivar Menes og Helge Hauso (flytta i sommarferien)

Lagleiar: Jorunn Fosse Fidjestøl

Spelarar: Arin A. Navarsete, Ammar Alammar, Ahmed Almansour, Eivind Fosse Fidjestøl, Brede Villand Alme, Tarjei Ulveseth Odd, Jonas Linde, Milian Asperanden Hauge, Endre Njøs Verlo, Erlend Valvik Menes, Jørgen Humlestøl Njøs, Nikolay Einarsen.

Vi har måtta lånt keeper frå andre lag, Zein Alammar og Ingeborg Myklebust. Elles har vi lånt 09 gutespelarar og 07-jentespelarar for å få spelt 11-arkampar.

Aksel Eggum har spelt med laget på dispensasjon.

Sportslege aktivitetar:

Vi har spelt serie og Norway cup.

SENIOR HERRE 5. DIV

Trenarar:

Marius Midtun Aaberge
Kristian Knutsen Berg

Lagleiar:

Eva Solhaug Fosshagen

Sportslige aktivitetar:

Laget var med i vinterserien. Kampane vart spelt i hallen på Skei og motstandarane våre var Lærdal, Hyen og Tambarskjelvar.

Stallen har vore noko varierende og dertil variabelt oppmøte på treningane. Fleire av spelarane hadde arbeidshelgar, som gjorde at det av og til vart utfordringar på kampane, spesielt målvakt. Enkelte kampar måtte vi hente

Sosiale aktivitetar:

Vi har vore på Norway cup i lag, det var veldig kjekt og ein vellukka tur. Det var god stemning, og alle oppførte seg fint. Det er imidlertid ein god del arbeid med planlegging og dialog med omsyn til overnattingane.

Oppsummering:

Som sagt på lagleiarmøte, det har vore ein noko krevjande sesong, med søndagskampar, som det var mykje att og fram med byting av, i tillegg er vi for få og har ikkje keeper. Det har gått likevel, med velvilje frå jenter og 09-gutar, og vi må seie at sesongen trass alt har vore vellukka. Norway cup var og sær vellukka, både sportsleg og sosialt, der vi vann gruppespelet og kom langt i turneringa. Vi fekk oss også fine turar ol. utanom spelninga. Lagleiar og trenarar gir seg, så det må nye kostar til denne sesongen.

inn veteran Eivind. Vi fekk spelt alle kampane med unntak av bortekampen mot Sandane. Sidan vi ikkje har gutelag i SYRIL, måtte vi på slutten av sesongen få med spelarar frå smågutelaget.

Dugnader:

Den årlege blomsterdugnaden vart gjennomført i lag med damelaget. Nokre spelarar var instruktørar på Tine fotballskule.

Sosiale aktivitetar:

Herre og- damelaget har hatt fleire aktivitetar i lag i løpet av sesongen. Tradisjonen tru var det felles avslutning med julemat i desember, denne gongen på Knausen.

SENIOR DAME 3. DIV

Trenarar: Steinar Henjum
Hjelpetrenar: Frode Danielsen

Lagleiar: Siri Beate England

Desse spelarane har vore med på damelaget i år:

Marianne Steinsøy, Hildegunn Høgheim, Kristine Røyseth, Linda Strand, Stine Gjerde, Ane Bjørk, Ida Bjørk, Amalie Henjum, Oline Kleiven, Vilde Jacobsen, Erika Brekke, Ingeborg Berg, Pia Krosshaug, Solveig Brudevoll, Sarah Røysum, Live Holen, Anja Hickmann, Marte Røyseth, Rebekka Liljedal, Eline Henjum, Synne Ming Fosse, Elise Tufte Mardal, Maria Slinde, Anne England, Ingeborg Myklebust, Ingrid Husum, Sanne Stadheim og Sarah Danielsen.

Dei fleste av spelarane var med gjennom heile sesongen. Nokre var med halve eller deler av sesongen.

Sportslege aktivitetar:

Treningar:

Aktivitet i januar og februar:

- o futsaltraining i saften ein dag i veka



- o sirkeltrening i gymsalen ein dag i veka
- o ei felles joggeøkt ein dag i veka
- o vi fekk nokre søndagar i Sognehallen

To treningar kvar veke på kunstgraset når utesesongen begynte.

Dei jentene som ville trene med gutane har fått tilbod om det

Turnering:

KM futsal j16 i Stryn, fekk andreplass etter straffekonkurranse i finalen

2007 jentene fekk tilbod om å vere med Sogndal j15 på Norway cup, tre reiste og fekk ein flott opplevelse

Sosiale trivselstiltak:

Vi hadde kick-off på Vite meir senteret 2. mars. Her var det konkurransar og pizzabuffet. Dette var eit svært flott teambuilding opplegg. Vi hadde miksa årskull på alle laga.

Etter vi hadde gjennomført vårsesongen hadde vi sommarfest 25. juni. Vi hadde gardskamp i Skahaug på dagtid. Dette var eit



flott opplegg der vi var inndelt i lag på tvers av årskulla. Vi inviterte herrelaget til fest i tellet på Nokkaneset om kvelden. Her var det pizzabuffet, konkurransar og underholdning.

Laurdag 10. desember hadde vi julebord på Knausen med herrelaget. Her kosa vi oss i festleg lag med underholdning, og diverse prisar vart delt ut.

Årets spelar – spelarane sin spelar: Elise Tufte Mardal

Årets toppscorar: Live Holen

Årets mest trenande: Elise Tufte Mardal

Spelarane har i tillegg hatt sosialgrupper. Der dei har vore på tur i lag, og møttest til kvelds og liknande av kvarandre.

Resultat:

Vi starta året med KM i futsal, her stilte vi med eit j16 lag. Vi tapte finalen mot Førde på straffekonkurranse.

Det var to avdelingar i vårsesongen, og vi spelte i avdeling ein med Studentspretten, Balestrand, Jotun og Bjørn. Vi vart nummer tre i avdelinga vår.

Hautsesongen var vi i avdeling to med Måløy, Balestrand, Eid, Bjørn og Jotun. Vi enda opp som nummer tre i avdelinga. Det var jamt blant topp tre.

Kretsaktivitet:

2007-kullet: Anne England, Sarah Danielsen og Ingeborg Myklebust

Oppsummeringa av sesongen:

Endeleg fekk vi 11`ar damelag på Syril! Vi har jobba mykje for å få dette til. Det har vore viktig for oss å gi spelarane som ikkje vil satse eit tilbod.

Vi hadde ein kjempestart på vårsesongen, og var mellom 15-20 stk. på kvar trening. Til kvar kamp måtte vi ta ut ein tropp på 16 spelarar. Vi la opp til at alle skulle få mykje speletid.

Hautsesongen vart meir utfordrande. Vi sleit med oppmøte på trening, og var fleire gonger ikkje meir en 6-10 stk. Det var mange treningar vi måtte avlyse pga svært dårleg påmelding. Det var utfordrande å få nok spelarar til kamp. Vi klarde likevel å gjennomføre alle kampane med stil.

Det har vore mykje fotballglede, og vi ser vi har fått ei samansveisa gruppe på tvers av årskull. Vi ser at det sosiale er svært viktig for dei. Vi har no jobba for å få lag neste sesong, og det har vi fått til. Vi gleder oss til ein ny sesong med desse kjekke spelarane.

FRIIDRETT

Første heile sesong på fast dekke

Friidrettsgruppa hadde i 2022 ein sesong med god aktivitet – vi hadde treningar ute på Syril stadion frå mars til juni og august til oktober. Høgdepunktet var Opningsstemnet laurdag 14. mai med heile 97 deltakarar. Vi arrangerte og treningsstemne i juni og september. I tillegg deltok våre mest ivrige ungdommar på fleire stemne rundt om i Sogn og Fjordane.

Trening

Innetreninga i Saften frå januar til mars gjekk fint og samla 15 aktive i alderen 10 – 15 år på 9 treningar. Vi trente mest på basis- og drilløvingar, løp, hopp og kast – kanskje særleg på høgde og kule. Utfordringane låg som tidlegare år på rigging av utstyr før og etter trening.

Utetreningane ga vesentleg større aktivitet enn tidlegare år med treningar tysdag og torsdag, mot tidlegare «berre» onsdagar. Vi starta så tidleg som 30. mars og heldt på fram til 21. juni, med nokre avbrot for påskeferie og helgedagar. Totalt hadde vi 14 treningar ute på våren og for-sommaren. I august – oktober hadde vi og 14 treningar etter oppstart 16. august. Til saman notert vi 27 aktive i alderen 8 – 15 år på ute-treningane.

- Treningane var ganske varierte, men med nokre felleselement i oppvarming, drill og tøying, før vi delte oss opp i fleire gruppe etter interesse og spesialisering.

I april kom det i gong treningar kvar onsdag for dei under 10 år, og det samla om lag 40 ungar kvar gong og til saman rundt 70! Her var det meir fokus på lek, men alle fekk prøve seg i løp, hopp og kast. Kjekt å sjå så mykje aktivitet på bana både før og etter sommarferien!

Trenarar for dei minste har vore Stine Mundal Aase, godt hjulpe av Ida Jørstad Røysum. Torgeir Urdahl og Jørn Gåsvær har hatt hovudansvaret for dei over 10 år, på fleire treningar assistert av Joakim Urdahl, Simen

Bekken og eitpar gonger av Ingunn Nyhammer. På dei siste treningane fekk vi Ingeborg Kvåle Bruflo med oss; ho er student i Sogndal, med stor kunnskap om sprint og hekk.

Stemne på stadion

Opningsstemnet laurdag 14. mai samla 97 deltakarar som totalt stod for 275 startar i 36 øvingar! Stemnet var vellukka på dei aller fleste område, og gav foreldre og andre som stilte opp som funksjonærer verdifull erfaring. Deltakarane kom, i tillegg til Syril sine 41, frå Jotun, Lærdal, Luster, Kaupanger, Sogndal, Balestrand, Vik, Førde og Fana. Det beste resultatet under stemnet stod nok August Da Silva Sveen frå Jotun for, med sine 8,34,70 på 3000 meter, berre 2,19 sekund bak krinsrekorden for årsklassen. Stemnet fekk fyldig omtale i Sogn Avis.

Treningsstemnene i juni og september samla begge om lag 40 deltakarar. Her var det mykje idretts glede å sjå, og prestasjonar som lova godt for friidretten i Syril.

Konkurransar elles

Blant dei yngste hadde vi om lag 50 startar fordelte på følgjande stemne:

- Friidrettsturné Balestrand - mai
- Proffveka i Stryn - august
- KM, Førde - august
- Lerøy-Leikane, Byrkjelo - september

På sistnemnde stemne – som er ein krinskamp for friidrettskrinsane fra Sogn og Fjordane og nordover, var Sigrid Brudvik Sunde, Frida Fylkse Lomås og Anders Brennsset Gjerland uttekne. Dei gjorde alle ein god figur, og samla fleire poeng til Sogn og Fjordane.

Dommarar

Vi hadde 30. april krinsdommarkurs med dommaransvarleg i friidrettskrinsen; Dagfinn Nyhammer. Etter ein praktisk prøve fekk

Omrekna til poeng etter den nasjonale Tyrving-tabellen var dei beste prestasjonane i 2022 desse:

UTØVAR	ALDER	ØVING	RESULTAT	POENG
Åsne Gjengedal	J15	Høgde	1,33	790
Vilde Tufte Mardal	J13	60m	9,34	746
Bjørnar Aaland Eggum	G13	60m	8,94	746
Emilie Sørum	J15	Lengde	4,11	737
Anders Brennsset Gjerland	G13	1500m	5,18,51	716
Emilie Sørum	J15	60m	9,25	703
Johan Felde Hasund	G15	Høgde	1,37	699
Emilie Sørum	J15	Kule 3 kg	7,59	679
Ingrid Ølmheim Husum	J15	Høgde	1,15	655
Anna Felde Hasund	J13	Høgde	1,05	647
Anders Brennsset Gjerland	G13	Lengde	3,55	640
Sigrid Brudvik Sunde	J13	Kule 2 kg	7,06	637
Anders Brennsset Gjerland	G13	600m	1,50,82	575

Jørn Gåsvær deltok på treningsstemne på Sandane i klasse M60-64 med følgjande resultat (og poeng):

- Kule 5,0 kg 8,77 m (542)
- Diskos 1,0 kg 31,86 m (541)
- Slegge 5,0 kg 30,54 m (511)
- VektKast 9,08 kg 13,57 m (686)

Syrl to nye krinsdommarar; Stine Mundal Aase og Kenneth Lomås. Torgeir Urdahl var allereie forbundsdommar og Jørn Gåsvær krinsdommar, så dei tok kurset som oppdatering og repetisjon.

Stadion

Nye Syril stadion var klar til bruk for friidretten i september 2021. Bana er 333,33 m. rundt om ein spring i indre bane, og har høgdefelt i aust, to hoppgroper og to kastringar i vest. Anlegget har vist seg overkommeleg å drifte, sjølv om vi framleis ikkje har noko god løysing for tildekking av lengdegropene utanom konkurranse og trening. Anlegget har gitt vesentleg høgare kvalitet på treningane og ein stadig større interesse for friidretten på Leikanger; særleg blant dei yngste.

Økonomi

Friidretten fekk i 2022 støtte frå Sogn Avis/ Amedia og Sparebankstiftelsen DnB til innkjøp av høgdematte. I tillegg fekk vi pengar frå hovudlaget til innkjøp av basis-utstyr, som

startblokkar, kastutstyr osv. I tillegg fekk vi eit beløp frå bilforretninga Berge & co.

Vi har ein god økonomi, men tek likevel inn ein mindre treningsavgift. Vi får truleg ei OK inntekt frå Kjerdingi Open-lotteriet i 2023. På stemnet i august vil vi ta startpengar og premiere deltakarane. Vidare er vi i dialog med fleire potensielle sponsorar som kan gje oss eit løft økonomisk.

For Syril friidrett -Jørn Gåsvær, gruppeleiar



HANDBALL

Styret i Syril handball består av leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, sportsleg leiar og sportsleg utval.

Det har blitt gjennomført 4 styremøter i løpet av 2022. I tillegg til oppstartsmøte med lagleiarar og lagvise foreldremøter.

Vårsesongen vart delvis prega av restriksjonar/utfordringar knytt til Covid-19 og smittevern, særleg med tanke på avvikling av kampar og turneringar. Haustsesongen har derimot gått som normalt, og det er gledeleg å sjå at talet på spelarar for dei fleste laga på aldersbestemt nivå held seg stabilt etter år med avgrensingar ein har opplevd under perioden med Covid-19.

Dette året har Syril handball teke i bruk eit digitalt trenarverktøy, Learn Handball. I denne appen/nettstaden får trenarar og spelarar tilgang til eit mangfald av øvingar, øktplanar og periodeplanar som kan brukast som inspirasjon

og hjelpemiddel tilpassa alle aldersgrupper. I samband med bruken av Learn Handball har det og blitt arrangert kurs/opplæring for alle trenarane i klubben.

I haust vart Avkast arrangert, for andre året på rad. Arrangementet vart ein flott og inspirerende oppstart på sesongen 2022/23.

Takk til alle som stiller opp for at Syril handball skal kunne tilby eit godt aktivitetstilbod både sportsleg og sosialt. Til alle trenarar og lagleiarar som stiller på kamp og trening kvar veke. Til alle dei som bidreg under arrangementa våre. Anten det er i kiosken, som speaker eller sekretariatet, og stiller som vakt eller bakar kaker. Og takk til samarbeidspartnarane våre for deira bidrag til Syril handball!

Olav Hauge, leiar Syril handball

J6

Trenarar: Celina Fimreite og Maja Rydningen Hamre, to foreldre er med på parketten (rulleringsplan)
Lagleiar: Agnethe Wathne
Spelarar: Amelia, Ariel, Arja, Eira, Hedda, Linnea, Selja, Thea og Tone

Jentene hadde si første handballtrening etter haustferien 2022 og har kombinert dette med barneidrett ein gong i månaden. Me har ikkje delteke på turneringar, men jentene har fått øvd seg litt på kampspele saman med J7 då me har treningstid samstundes. Det er godt oppmøte på treningane, god stemning i laget og jentene har det kjekt.

G6

Trenarar: Solrun Njøs, Elianne Eggum, Linn Sofie Ugulen
Lagleiar: Mari Varlid
Spelarar: Abel, Amund Olai, Andre, Brage, Hugo, Nicolai, Ole Magnus, Sverre og Viljar.

G6 starta handballtreningane sine for fyste gong etter haustferien 2022. 9 av 10 gutar i klassen er med på handballen. Vi har kun hatt moglegheiten til å delta på ein turnering, der vi blei nødt til å spele eit par kampar mot gutane som er eit årskull større, men det gjekk veldig fint. Det virkar som alle trivst godt, og vi ser fram mot ny sesong.

J7

Vårsesongen 2022

Trenarar: Cecilie Njøs Høgheim og Synnøve Slinde

Lagleiar: Marianne Steinsøy

Spelarar: Alida, Frida K, Frida R, Ida Elea, Mila, Nathia og Tiril

Vi hadde treningar kvar onsdag, det var handball/balleik kvar trening då ingen foreldre melde seg til å ha barneidrett. Vi deltok på ei turnering i Vik på vårsesongen, i tillegg arrangerte vi ei internturnering saman med gutane i treningstida. Det var veldig kjekt!

Haustsesongen 2022

Trenarar: Cecilie Njøs Høgheim og Synnøve Slinde

Lagleiar: Marianne Steinsøy

Spelarar: Alida, Frida K, Frida R, Ida Elea, Mila, Nathia, Ragnhild og Tiril

Frå hausten 2022 er 8 av 9 jenter på kullet med på handball. Vi har trena kvar tysdag. Vi har delteke på 3 turneringar – to i Aurland og ei på Leikanger.

G7

Me er ein stor gjeng! Heile 20 av 20 frå kullet er med. Året før var 18 gutar med.

Ivrig og engasjert gjeng! I år har me nytta oss meir av Learn handball-appen og fått mykje inspirasjon til treningane der ifrå. Nytt av året er at Lina har gått frå å vere lagleiar til hjelpetreinar, og Elisabeth har teke over som lagleiar i tillegg til å vere hjelpe-trenar. Anne og Cecilie fortsett i sine roller som trenarar.

Turneringar me var med på i 2022:

Januar: Gaupne

Mars: Vik

November: Leikanger

Desember: Aurland

J8 (FØDD 2014)

Vårsesongen 2022

Trenar: Heidi Ravnestad og Marianne Røysum

Lagleiar: Une Bremer

Spelarar: Adele, Anna, Anna Liv, Anne Lise, Ayla, Johanne Emilie, Linnea, Maya, Nora R.S, Nora V.H, Thea, Tuva, Vilja, Ylva. (14 spelarar)

Trening på mandagar. Kvar 4. gang var det barneidrett.

Dei deltok på ein turnering i Vik. Var og påmeldt turnering i Gaupne, men denne blei avlyst av arrangør.

Hautsesongen 2022

Trenarar: Heidi Ravnestad, Marianne Røysum og Kine Borlaug

Lagleiar: Une Bremer

Spelarar: Anna, Anna Liv, Anne Lise, Johanne Emilie, Linnea, Maya, Nora R.S, Nora V.H, Tuva, Vilja, Ylva, Jenny. (12 spelarar)

Trening på tysdagar. Kvar 4. gang har det vore barneidrett.

Dei deltok på to turneringar. Ein i Aurland og ein i Leikangerhallen/Saften.

J8 (FØDD 2013)

Vårsesongen 2022

Spelarar: Isabell, Malak, Maria, Martine og Selma.

Lagleiarar/trenarar: Siri Beate England og Birte Andersen Røysum

Trening:

Me hadde ei trening i veka gjennom heile sesongen. Mot slutten av sesongen slo me oss saman med gutane i kullet sidan me var veldig

G8

Trenarar: Siv Jane Mardal, Tom Nesvåg, Erlend Røysum

Lagleiar: Hege-Lill Reksnes

Spelarar: Adrian Tufte Mardal, Robin Reksnes Randen, Edvard Hillestad Rinde, Lars Johan Jørstad Røysum, Olav Andreas Njøs, Olav Skinlo, Elias Engan Nesvåg, Eirik Vadheim Henjum, Trym Røthe Henjum, Liam Borlaug

Alle gutane i 2014 er med på handball. Trening mandagar, og trenar no 4 ganger i månaden. Godt oppmøte, som oftast er alle 10 på treningane. Gutane verkar ivrige.

Vårsesongen 2022

Vi var på ein turnering i Vik, alt anna vart avlyst/ vi meldte ikkje på. Lagde eigen turnering på trening mot jentene i samme kullet, med drakter, pizzaboller og kaker.

Hautsesongen 2022

Hadde turnering heime i Saften i november, kjekke turnering med mange lag. I desember lagde vi eiga turnering på siste treningen vår, der vi spelte mot jentene i same kullet, med drakter på og servering av pizzabolle og kake etterpå, dette tykte dei var kjekt.

få sjølv og fekk lite ut av treningane.

Turnering:

Me deltok ikkje på turnering på vårparten då me ikkje greidde å stille lag. Siste turneringa avtalte me samarbeid med gutane. Der deltok Isabell.

G9

Vårsesongen 2022

Spelarar: Abodi, Adrian, Aksel Johan, Aksel Lucas, Aslak, Daniel, Even, Iver N.P., Iver B.L., Johannes, Oliver, Webjørn, Yared

Trenarar: Maria Slinde, Linnea Sjøthun

Lagleiar: Andreas Rendedal Thue

Vi har hatt treninger èn dag i uken (tirsdager), med barneidrett ca. hver tredje uke. Guttene har deltatt på èn turnering denne sesongen i Vik. To andre turneringer vi skulle ha deltatt på ble ikke aktuelt likevel på grunn av koronasituasjonen.

Vi har vært heldige som har fått lov til å beholde Maria og Linnea (15 år) som trenere også denne sesongen. Treningene har vært av god kvalitet, og vi har sett stor framgang hos guttene denne sesongen. Med en spillergruppe på 13 gutter er det til tider utfordrende, men jentene har funnet en fin måte å håndtere dette på.

Det ser ut til at guttene trives på treningene og de er engasjerte. Det vært en fin sesong!

G10

Hautsesongen 2022

Spelarar: Alexander, Abodi, Adrian, Aksel Johan, Aksel Lucas, Aslak, Daniel, Even, Iver N.P., Iver B.L., Johannes, Oliver, Webjørn

Trenarar: Anniken Sofie Nornes, Carina Husabø

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Før sesongen starta visste vi at vi stod utan trenarar og lagleiar. 19. oktober var vi klare til oppstart med ny lagleiar og trenarar på plass. I samråd med styret vart vi meldt opp som G10.

Trenarane denne sesongen har vore Anniken Sofie og Carina, begge to elevar i 9. klasse på Leikanger ungdomsskule. Dei har gjort ein god jobb og har losa gutane gjennom ein kort, men kjekk sesong. Trenarane har gitt tilbakemelding om at dei tykkjer det er ei fin gruppe å trene, og ikkje minst at det er kjekt å vere trenarar for dei.

Vi har hatt trening èin dag i veka (onsdagar)

J9

Vårsesongen 2022

Spelarar: Astrid, Astrid Olea, Ingrid, Kristina, Lilly, Tiril og Tuva.

Trenar/hjelpetrenar: Ivar Husum og Ingrid Husum

Lagleiar: Helga Maj Myren

Trening:

Me hadde ei trening i veka gjennom heile sesongen. Godt oppmøte og god stemning på treningane.

Kampar:

Spelte kampar mot Jotun, Bjørn og Sogndal. Første turnering dette året måtte me trekka oss frå grunna mykje covidsmitte. Elles var me på turnering i Årdalshallen og i Sogndal. Siste turnering som vart arrangert på heimebane fekk me akutt forfall, men heldigvis fekk me låna med oss Selma og Isabell på kort varsel. Me avslutta årets sesong med pizza og lek.

med rullering på foreldreansvar under treningane. To foreldre har vore til stades på parketten under kvar trening for å vere til støtte for trenarane (hjelp til med å finne fram utstyr, feste bom og liknande) og for å ta ansvar for å «hente inn att» dei som til dømes mister konsentrasjonen under treninga.

I løpet av sesongen har gutane delteke i to turneringar - i Vik og i Leikanger. Under turneringar som ikkje er på heimebane er vi avhengig av at foreldre stiller som «trenarar» på parketten.

Vi har hatt eitt foreldremøte i løpet av sesongen.

Sesongen vart avslutta med saft og lussekattar etter siste trening.

Vi takkar for ein fin sesong med ein solid innsats av gutane, trenarar og foreldre.

J10

Hautsesongen 2022

Spelarar: Ada, Alise, Astrid, Isabell, Jeanette, Kristina, Lilly, Malak, Nathalie, Selma, Synne, Tiril og Tuva.

Trenarar: Ivar Husum, Birte Andersen Røysum og Siri Beate England
Lagleiar: Helga Maj Myren

Trening:

Me har hatt ein trening i veka med stort sett bra oppmøte. Første turnering var i september, og me måtte difor starta opp tidleg med

trening. Etter turneringa tok me pause frå handballtreningar fram til fotballsesongen var over.

Kampar:

Me har 2 lag påmeldt i J10 serien. På kampdagar har me ikkje hatt nok spelarar til 2 reine lag, og det har ført til mykje speletid for spelarane når me er på kampar. Me har spelt kampar mot Bjørn, Vik, Jotun og Årdalstangen.

J11

Vårsesongen 2022

Spelarar: Eirin, Elida, Sara, Emmelin, Fatima, Leah, Linnea, Åsa

Trenar: Hege-Lill Reksnes

Lagleiar og hjelpetrenar: Birte Andersen Røysum

Me hadde ei trening i veka gjennom heile sesongen. Det har vore godt oppmøte, og engasjerte jenter på trening.

Me har delteke på 2 turneringar på vårparten, den eine i Sogndal og den andre på heimebane.

Me hadde ei kjekk sesongavslutning etter siste turneringa. Me fekk støtte frå handballgruppa til sosialt opplegg, og me brukte støtten til pizza og brus. Me hadde ei kjekk samling i gapahuken i Nybø der me åt pizza, grilla marshmallows, leika og hadde adjektivhistorie.

Hautsesongen 2022

Spelarar: Eirin, Elida, Sara, Emmelin, Fatima, Leah, Linnea, Åsa

Trenar: Hege-Lill Reksnes, Birte Andersen Røysum

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Vi har hatt felles trening med J12 denne sesongen. Fast treningsdag har vore tysdagar. Det har vore godt oppmøte, og engasjerte jenter på trening.

Vi har spelt totalt 6 kampar, 2 på heimebane og 4 på bortebane. Kampene vi har spelt var mot Sogndal (heimebane), Høyang (bortebane/Høyanger), Hyllestad og Førde (bortebane/turnering i Sandane) og Sandane 2 (bortebane/Sandane).

I tillegg har nokre av jentene bidrege i kampar med J12.

Jentene reiste med Syril-bussen til Sandane når dei spelte kamp mot Sandane 2. Når jentene spelte mot Hyllestad og Førde i Sandane var det så god tid mellom kampene at vi fekk tid til ei utflukt i Trivselsskogen. Det var veldig kjekt, og kan så absolutt anbefalast til andre! Sesongen vart avslutta med saft og lussekattar etter trening.

Vi takkar for ein fin sesong med ein solid innsats av jentene, trenarar og foreldre.

J12 (FØDD 2010)

Vårsesongen 2022

Trenar: Linda Fossberg

Lagleiar: Marit Silje Husabø

Spelarar: Emilie, Sarah, Sara, Maria, Oline, Sigrid og Isa.

Denne sesongen har laget i tillegg til reine J11 treningar fått tilbod om å trena med J12. Dei har spelt kampar mot Vik, Bjørn, Åtil og Sogndal.

G12,

Spelarar: Aron, Endre, Elias, Espen Oliver, Håvard, Johannes, Jonathan, Kevin, Lucas, Lukas, Markus, Nikolai, Oliver, Ragnar, Sindre, Tarjei og Yuel

Trenarar: Anne Brennset Gjerland, Solrun Njøs Amundsen, Mari Fykse og Stine Mundal Aase
Lagleiar: Stine Mundal Aase

Vårsesongen:

I vår var me kvar våre lag, med to lag i G10-serien og eitt lag i G11. Utover våren hadde me fellestreningar, og fleire av gutane på G10-laget var med G11-laget på kampar. På slutten av sesongen reiste me saman på cup til Stord. Der hadde me ei kjempekjekk helg, både sosialt og sportsleg! Me møtte fleire lag frå Bergensområdet, i tillegg til sosiale aktivitetar

Hautsesongen 2022

Trenarar: Birte A. Røysum og Hege Lill Reksnes

Lagleiar: Kari Ann Norum

Spelarar: Emilie, Sarah, Sara, Maria, Guro, Sigrid, Isa og Oline.

Denne sesongen har jentene trena saman med J11. Det har vore ei utfordring å klare å stille lag til kampar, men det løyste seg ved at vi har fått låne jenter frå J11. Vi har spelt mot Høyanger, Vik, Åtil og Førde. Carina, Anne og Anniken Sofie har bidrege som trenarar.

som bading, diskotek og fellesmåltid med spelarar og foreldre.

Hautsesongen:

I haust har me trent to gonger i veka, og spelargruppa variert frå 14 til 17 stykk. På grunn av få påmelde lag i Sogn har me spelt i serie saman med lag frå Nordfjord og Sunnfjord. I tillegg til kampar har me hatt fleire sosiale arrangement, som far-son-kamp og Fifa-turnering med pizza. Dette har vore stor suksess!

J14

Vårsesongen 2022 (J13, f. 2009)

Trenar: Siv Jane Tufte Mardal

Hjelpetrenar: Mari Buene

Lagleiar: Marita Hagheim

Spelarar: Kine, Malin, Evy, Lilly, Emilie, Anna, Sandra og Tuva. Amalie og Vilde var med å spele på haustsesongen (2021).

To treningar i veka. Nokre hospiterte opp til J14 på treningar og kampar. Stort sett lokale kampar i J13 serien.

Haustsesongen 2022 (J13/14 f. 2008/09):

Trenar: Siv Jane Tufte Mardal

Hjelpetrenar: Anja Menes Helset og Mathias Fossberg.

Lagleiar: Marita Hagheim

Spelarar: Kine, Malin, Evy, Lilly, Emilie, Anna, Sandra, Tuva, Emily, Maja, Emilie, Andrea, Celina.

Haustsesongen vart spelarar f.2009 meldt på i serien over (J14) saman med 4 spelarar f.2008. To treningar i veka. Nokre har hospitert opp til J16 treningar og kampar. Spelte serie med lag frå heile Sogn og Fjordane.

for så å bli delt i to puljer i januar. Om dette skulle gått rundt var vi avhengige av å låne spelarar frå J13, men det gjekk ikkje sidan deira kampar kolliderte med J14 sine. Summen av av dette gjorde til at vi måtte kontakte styret og diskutere med J13 korleis me skulle møte den kommande sesongen.

Det enda med at J13 trekte laget sitt og alle 2009 jentene flytta opp til J14. Trenar og lagleiar for j13 vart med opp til J14, og vart lagleiar og trenar for j14. Linda og Tor- Einar vart lagleiar og trenar for J16. Treningane vart organiserte slik at 2008 jentene deltok på både J14 og J16 sine treningar, sidan dei skulle spele på begge lag.

J16 hadde oppstartsmøte 6. september med foreldre og spelarmøte og hadde fyrste trening etter møte. Her tok vi opp mellom anna utfordringane knytt til ny sesong.

J16 har hatt treningar to gonger i veka, tysdagar og torsdagar.

I kampane har me sett at det er utfordrande når me møter lag som stiller med flest 16 åringer, og vi møter dei med 14 og 15 åringer. Spelarane våre møter til tider hard motstand og for spesielt 14 åringer får dei ei bratt læringskurve. I nokre av kampane våre har

vi fått hjelp av ein eller to 16 åringer som til vanleg er med damelaget. Det ser vi på som positivt og er med på å styrke laget vårt.

Spelarane har i tillegg til kampaktivitet og trening delteke på avkast-arrangementet, stilt opp som trenarar for yngre lag og fleire spelarar er flinke å stille som dommarar på barnekampar.

I november arrangerte vi Dommarsamling på Leikanger fjordhotell med pizza. Her deltok 8 av spelarane våre. Vi gjekk igjennom ulike problemstillingar knytt til dømning og repeterte reglane for dømning.

I november arrangerte vi handballkamp på storskjerm med både konkurransar og quiz. Her var det veldig godt oppmøte og eit tilbod som vart godt motteke av spelarane. Slik eg ser det har vi ein kjempeflott spelarstall som er kjempeivrige etter å både trene og spele kampar.

I desember evaluerte vi samarbeide med j14 i høve til 2008 jentene som spelar på begge lag. Der kom det fram at spelarstallen deira vart for stor på kampane, og at det ikkje var plass for alle til å delta. Vi konkluderte med å trekke 4 2008-jenter ut av laget og fast inn på J16.

J13/14/16

J13/14 / J16 (f. 2007/08)

Vårsesongen

Trenarar: Tor-Einar Holvik Skinlo og Hilde Instefjord

Lagleiarar: Linda Føleide Skinlo (J13/J14) og Hilde Ruud (J14)

Spelarar:

J13: Mari, Maja, Carina, Anniken Sofie, Hamida, Andrea, Emilie B, Vilde, Celina og

Emilie M= 10 spelarar.

J14: Ingrid, Tuva, Emilie S, Åsne, Janne, Elise Karine, Guro og Kathlen= 8 spelarar

Vi trenar saman to gonger i veka, tysdagar og torsdagar. J13 spelar dobbelserie, medan J14 spelar trippelserie. Trenar har god erfaring med bruk av appen Learn handball til planlegging av treningane.

I februar vart det arrangert dommarkurs i barnehandball. Der deltok 14 jenter frå vårt lag, både 13 og 14 åringer fekk lov å delta. Fleire av dei nye dommarane dømde treningskampar og dømde barnehandballkampar etter kvart som dei fylte 14 år.

Cup: Vi reiste på Nordfjordcup i Stryn med j13 i mai, og på Bergen cup med j14 i juni/ juli. Det var ulike grunnar til at det enda med å reise på to ulike turneringar, men ved å gjere det på denne måten fekk alle spelarane tilbod

om å reise på cup. Til Stryn hadde vi med oss 11 jenter og til Bergen reiste vi med 9 jenter. Vi hadde to kjempeflotte turar med mykje handballglede. Frå Stryn fekk vi med oss heim ein flott Bronsepokal.

Det er flott å kunne avslutte handballsesongen med å reise på cup, så det vil me og gjenta neste sesong. Denne sesongen har vi hatt god erfaring med å melde på to lag, eit j13 og eit j14, så difor melder vi på to lag til neste sesong: j14 og j15.

Haustsesongen

Spelarar:

J14: : Mari, Maja, Carina, Anniken Sofie, Andrea, Emilie B, Celina og Emilie M= 8 spelarar.

J15: Ingrid, Emilie S, Åsne, Janne, Elise Karine og Kathlen= 6 spelarar

Frå vårsesong til haustsesong har vi blitt 3 spelarar mindre på laget og kampoppsetta vart ikkje slik me ynskja. Vi hadde basert oss på at j15 skulle låne spelarar frå J14 på kampane, men det gjekk ikkje sidan kampane vart sett opp samstundes, på tross av at vi hadde meldt på som antilag. Vidare vart j15 og j16 slått saman til ein serie, J16 og nivået høgare enn kva som passa oss. J14 vart og sett opp med eit nytt alternativ der ein skulle møte alle lag,

SENIOR DAME (K4)



Trenarar:

Janne Njøs, Mari Fykse, Pia Hickman

Lagleiarar:

Elianne Eggum og Pia Hickman (vår)
Inger-Lise Knudsen, Christel Grepstad
Fredriksen og Pia Hickman (haust)

Våren

Pandemien gav oss ein dårleg oppstart i 2022, spesielt for dei over 20 år. Desse retningslinjene gjorde og til at mange kampar måtte flyttast / avlysast. Spelarar over 20 fekk ikkje delta på kontakttraining før i februar, og då kom kampane og i gang etterkvart. Likevel var det store vanskar med å avvikle kampane, sidan koronaen herja og laga ikkje hadde nok spelarar til å gjennomføre dei som var beramma. Det vart spelt 2 kampar i februar. I mars vart det endeleg spelt 4 kampar. Etter ein rimeleg skakkøyrte sesong fekk jentene nokre gode opplevingar og enda til slutt på ein 3.plass på tabellen.

Laget var i pulje med Gloppen, Sogndal, Jotun, Stryn, Florø 2, Eid, Høyang og Førde 2.

Desse spelte kampar for Syril sitt seniorlag våren 2022:

Amalie Henjum, Anja Hickman, Enya Heggstad, Gunvor Hamre Nornes, Ingeborg Knudsen Berg, Janne Njøs, Kari Gjengedal, Kristine Linde Røyseth, Marianne Steinsøy, Marte Linde Røyseth, Sarah Røysum, Synne Gjerde, Synne Lomheim Tang, Siv Hickman og Pia Hickman.

Hauften

Endeleg ein normal sesong og ein gira gjeng som starta treningar midten av august. Me hadde ei god oppkøyring med mange spelarar på trening. Veteranlaget trente med jentene fram til Veteran NM siste helga i oktober, og nokon heldt fram med treningar også etter dette. I tillegg har me hatt med hospitantar frå J15/16, samt andre gjestespelarar. Me har lege på 15-20 spelarar pr økt, og treningane har vore på mandagar og torsdagar.

Laga i Syril si pulje: Aurland, Førde 2, Jotun, Eid, Florø 2, Sogndal 2, Florø, Stryn og Sogndal.

Jentene har jobba godt og markert seg som

eit godt lag i serien. Etter 9 spelte kampar har dei 7 singlar og 2 tap og ligg på 2.plass bak Sogndal 1. Bjørn Harald Røyseth og Per Ivar Lomheim har stilt opp som sjåfør, slik at laget kunne nytte Syrilbussen til Eid og Årdal.

Desse spelte kampar for Syril sitt seniorlag hausten 2022:

Andrea Krosshaug Kvam, Amalie Dimmen Henjum, Marte Linde Røyseth, Ingeborg Knudsen Berg, Kari Gjengedal, Kristina Hovland, Synne Lomheim Tang, Sarah Grepstad

Røysum, Enya Heggstad, Kristine Linda Røyseth, Eili Drageset Ellingsen, Adelheid Natvik Weka, Kristin Fredheim, Maria Saltnes Slinde, Anja Hickman og Pia Hickman.

Takk til alle som stiller opp for å arrangere heimekampane, både i sekretariat, som speaker, i kiosk / billettsal + foreldre/spelarar som bakar.

ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2022

Dato fra til: -
 Regnskapsår: 2022
 Periode: 1 - 7

Resultatsammendrag

for
 Syril Idrettslag

Sidenr: 1

	2022	2021
Salgsinntekt	1 020 621	845 711
Annen driftsinntekt	2 884 578	1 478 981
Sum driftsinntekter	3 905 199	2 324 692
Varekostnader	253 217	12 103
Lønnskostnader	178 157	60 605
Avskrivninger	390 078	103 274
Andre driftskostnader	1 520 407	1 487 628
Driftsresultat	1 563 340	661 082
Annen renteinntekt	1 239	5
Annen rentekostnad	174 079	118 875
Ordinært resultat før skattekostnad	1 390 500	542 212
Ordinært resultat	1 390 500	542 212
Årsresultat	1 390 500	542 212

297

Balansesammendrag

For
 Syril Idrettslag

Sidenr: 1

	2022	2021
EIENDELER		
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler		
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	7 522 752	7 645 000
Maskiner og anlegg	220 519	
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	270 454	338 068
Sum anleggsmidler	8 013 725	7 983 068
Omløpsmidler		
Fordringer		
Kundefordringer	3 207	22 500
Andre fordringer	70 150	
Bankinnskudd, kontanter og lignende		
Bankinnskudd, kontanter o.l.	2 701 249	2 916 600
Sum omløpsmidler	2 774 606	2 939 100
Sum eiendeler	10 788 331	10 922 168
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Opptjent egenkapital		
Opptjent egenkapital	7 668 505	6 278 005
Udisponert resultat		
Sum egenkapital	7 668 505	6 278 005
GJELD		
Annen langsiktig gjeld		
Øvrig langsiktig gjeld	3 087 000	4 500 000
Sum langsiktig gjeld	3 087 000	4 500 000
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	27 396	122 281
Skyldige offentlige avgifter		21 500
Annen kortsiktig gjeld	5 430	381
Sum kortsiktig gjeld	32 826	144 162
Sum gjeld og egenkapital	10 788 331	10 922 168

FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2023

Drift:

Gruppe	Budsjetterte inntekter '23	Budsjetterte utgifter '23	Budsjettert resultat	Kommentarar
01 Fotball	710 000,00	710 000,00	-	
02 Handball	400 000,00	400 000,00	-	
03 Ski	50 000,00	50 000,00	-	
04 Symjing / kajakk	5 000,00	-	5 000,00	
05 Friidrett	15 000,00	40 000,00	-25 000,00	
06 Trim	25 000,00	25 000,00	-	
07 Styret	950 000,00	800 000,00	150 000,00	Eksl.tippemidler og mva-komp for friidrettsstadion
08 Skihytta	25 000,00	25 000,00	-	
09 Kjeringi Open	320 000,00	270 000,00	50 000,00	
10 Barneidrett	-	-	-	
11 Klatring	-	-	-	
12 Volleyball	10 000,00	10 000,00	-	
13 Innebandy	10 000,00	10 000,00	-	
totalt drift	2 520 000,00	2 340 000,00	180 000,00	

Investeringar:

Ny Syril-buss	250 000,00	1 020 000,00		Kr 965.000*1,05. Finansiert med kr 750.000 frå konto buss + sal av gamle bussen à kr 250.000 + kr 20.000 eigenkapital
Skitrekk Kleppa	-	400 000,00		Finansiert med eigenkapital, tilskot
Gjerde friidrettsstadion	-	350 000,00		Finansiert med kr 350.000 frå anleggskonto, mva-kompensasjon à kr 28.000
Lysanlegg	-	1 600 000,00		Finansiering kr 700 00 med tippemidler, kr 800 000 i eigenkapital realisert ved utbataling av tippemidler.
Totalt investeringar		3 370 000,00		Mellomfinansiering i form av lån.

NOTER 2022

Resultat pr avdeling

Gruppe	Resultat 2022	Resultat 2021
01 Fotball	- 23 560	35 842
02 Handball	7 688	111 452
03 Ski	37 977	14 675
04 Symjing / kajakk	300	5 200
05 Friidrett	- 14 500	19 768
06 Trim	7 299	- 120
07 Styret	1 336 460	354 177
08 Skihytta	21 504	3 755
09 Kjeringi Open	- 13 949	4 839
10 Barneidrett	-	-
11 Klatring	-	-
12 Volleyball	1 486	-1 732
13 Innebandy	- 6 326	-3 232
16 Telemark	36 121	7 266
totalt drift	1 390 500	542 212

REVISORMELDING

Idrettslaget Syril – revisjon av rekneskapen for 2022

Me har revidert årsrekneskapen for Syril som viser eit overskot på kr 1 390 500. Årsrekneskapen består av balanse pr 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret og noteopplysingar. I samband med revisjonen har me føreteke ein gjennomgang av hovudbok med bilag pr 31.12.2022. Vår gjennomgang omfattar ikkje kontroll av alle bilag, men er avgrensa til postar og område som er viktige for å vurdere den interne kontrollen i organisasjonen. Me har og vurdert interne rutinar, avtaleverk, rekneskapsprinsipp og generell kvalitet på bilaga, samt rekneskapsføringa av dei.

Ein er klar over at terskelen for dokumentering nødvendigvis er lågare i eit idrettslag enn til dømes i eit aksjeselskap. Våre stikkprøver av dokumentasjonen av inntektene og kostnadene viser tilfredsstillande kvalitet.


Anna:

Ein har hatt nokre mindre merknader til oppfølging som ein har teke opp med rekneskapsførar, men som ikkje påverkar vår konklusjon. Ein minner også på generelt grunnlag om at ein passer på at all kostnadsføring i rekneskapen konsekvent skjer på grunnlag av faktura eller kjøpsdokumentasjon og at denne dokumentasjonen stettar formelle standarder. Alle kjøpsbilag bør attesterast/signerast. Mykje av kiosksalget er kun dokumentert med kontoutskrift innskott bank. I den grad det let seg gjere burde det vere vedlagt underliggende kioskomsetningslister som dokumenterer salgene og som til dømes er signerte ut av kioskvaktene.

Konklusjon:

Me meiner at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget.

Leikanger 18.03.2023


Tony Børlaug


Udvin Einar Skarsbø



SYRIL.NO
ÅRSMELDING 2022